



Jobbnorge-ID: 282064

Søknadsfrist: 15.07.2025

Nettside: <https://www.alver.kommune.no/>

Omfang: Heiltid

Varighet: Fast

Ledig heimel for erfaren fastlege eller lege som ønsker ALIS avtale i Alver kommune

Ledig fastlegeheimel ved Knarvik legekontor, med mulighet for 8.2-avtale

Om Knarvik legekontor og fastlegelistene

Knarvik legekontor ligg i Knarvik, som er administrasjonssenter i Alver kommune. Det er gangavstand til kollektivknutepunkt og hurtigbåtforbindelse til Bergen sentrum (ca. 25 minutter). Køyretid med bil frå Bergen er omlag 30 minutt. Vi har parkering ved kontoret.

Ein av våre erfarne fastlegar slutter, og vi søker no ny fastlege for ei liste på om lag 1850 pasientar. Listelengda kan vi diskutere og tilpasse. Det kan derfor vere aktuelt å tildele 2 heimlar. Fastlegelistene ved Knarvik legekontor er godt ivaretekne av erfarne og stabile fastlegar over fleire år.

Kommunen er i dialog med legane om overgang til 8.2 avtale frå 010126. I så fall tek kommunen over ansvar for hjelpepersonell og IKT-drift.

Knarvik legekontor er p.t. eit kontorfelleskap med 5 fastlegeheimlar, organisert som DA (delt ansvar), og ein LIS1. Legane får utbetalt basistilskot etter kap. 8.1. Kommunen dekker 1/5 del av kostnadane, knytt til LIS1. Praksisen har tilsett fagleg flinke og erfarne hjelpepersonell i 3,3 årsverk. Praksisen nyttar Infodoc Plenario journalsystem, og har eiga serverløysing med Infodoc Sky. Lokala er gode og tenelege. Det er godt utstyrt laboratorium med spirometri, ekg og hurtigtestar. Legane har sjølv ansvar for hjelpepersonell, drift og utstyr. Kvar lege har husleigeavtale direkte med kommunen som framleigar på vegne av huseigar.

Legekontoret er i 2025 utvida med 2 ekstra legekontor for å gje rom for listereduksjonar. For meir informasjon om Knarvik legekontor kan dagleg leiar Kamil Daibes kontaktast på epost: mine2003@hotmail.com.

Ny heimelshavar kjøper ut listeeigar. Legen må inngå internavtale med dei andre legane ved kontoret, evt. med kommunen ved 8.2-avtale.

For ALIS - legar (allmennlege i spesialisering):

For legar under spesialistutdanning tilbyr vi ALIS-avtale på gode vilkår. Alver kommune er registrert utdanningsverksemd og tilbyr forutsigbart utdanningsløp med rettleiing, supervisjon og læringsaktivitetar. Her kan du som er nyutdanna lese meir om ALIS-løpet. [ALIS-tilskudd - Allmennleger i spesialisering \(ALIS\)](#)

Om offentleg allmenntmedisinsk arbeid og legevakt:

I Alver kommune har vi legevakt ved Nordhordland interkommunale legevakt som ligg lokalisert på Helsehuset i Knarvik, 2 minutt gange frå Knarvik legekontor. Vaktbelastninga for fastlegar er omlag 2 vakter i månaden på kveld, natt og helg, betalt etter eigen timesats. Vi har tilsett eigne legar ved Nordhordland legevakt på natt, så det er svært låg vaktbelastning på natt for fastlegane.

Det er p.t. ikkje knytt offentleg arbeid allmenntmedisinsk arbeid til heimelen. Dersom det vert aktuelt med offentlig allmenntmedisinsk arbeid ein dag i veka vil pasienttalet på lista kunne reduserast etter avtale jf. ASA 4310.

Alver kommune har vedtatt plan for legetenesta for 2023 - 2026. Du kan lese meir om den her: [Plan for legetenesta i Alver kommune \(framsikt.net\)](#). Kommunen har og ein generell utdanningsplan for spesialistutdanning i allmenntmedisin, godkjent i lokalt samarbeidsutval i 2024: [Generell utdanningsplan for spesialistutdanning i allmenntmedisin - Alver kommune](#)

Arbeidsoppgåver

- Arbeid som fastlege med ei godt opparbeidd og ivaretatt fastlegeliste
- Delta i gjensidig fráværdsdekning ved kontoret
- Delta i interkommunal legevakt i Nordhordland på kveld, natt og helg. Estimert vaktbelastning er 2 vakter per måned.

På bilete ser du tilsette på forkontoret til Knarvik legekontor

Kvalifikasjonskrav

- Fullført LIS 1 ved oppstart
- Norsk autorisasjon som lege med rett til refusjon frå Helfo
- Spesialist i allmenntmedisin eller villig til å gjennomføre spesialistutdanning. Vi kan tilby ALIS avtale.
- Det er ønskjeleg med erfaring frå fastlegepraksis
- Gode norskkunnskaper, både munnleg og skriftleg

- Vaktkompetent, eller vilje til å oppnå dette

Kven er du?

Vi søker etter lege som har gode samarbeidsevner og som bidrar i kollegafelleskapet. For oss er det viktig at du er ansvarleg, at du deltek og er ryddig i forhold til drift av legepraksisen. Du må og delta i ansvarsfordeling av oppgåver mellom legane som og inkluderer arbeidsgjeveransvar for tilsette på forkontoret.

Personlege eigenskaper vert lagt vekt på.

Vi tilbyr

Vi kan tilby eit godt arbeidsmiljø, dyktige medarbeidarar og ein arbeidsplass der det er fokus på eit fagleg godt tilbod. Er du nyutdanna vil du bli godt ivaretatt på kontoret.

Vilkåra for fastlegeavtale går fram av sentralt avtaleverk, ASA 4310.

Velkommen til Alver kommune!

Alver kommune - Ein spennande organisasjon for engasjerte og kompetente medarbeidarar!

Velkomen til Alver kommune, ein kommune som har vakse til å bli ein av dei største kommunane i fylket. Med om lag 30 000 innbyggjarar og 2 700 dedikerte tilsette, har vi eit sterkt samfunn som søker å løyse utfordringar og utvikle seg vidare.

Vår plassering nord for Bergen gir oss privilegiet av ei variert og fascinerande natur. Frå rolege fjordar og opne havområde til majestetiske fjell og lokale toppar, byr Alver kommune på ei rekkje utandørs opplevingar. Vi er også stolte av å huse verdas beste korps og vere vertskap for eit rikt kulturliv.

Vi verdset meningsfulle oppgåver og ser på kvar einaste medarbeidar som ein verdifull bidragsytar til vårt viktige samfunnsoppdrag. Som ein del av vårt team vil du få moglegheita til å engasjere deg og bruke din kompetanse til å forme framtida til vår kommune. Vi legg vekt på å skape eit arbeidsmiljø der du kan bløme og utvikle deg. Alver kommune har heiltidskultur som satsingsområde i heile organisasjonen.

Bli med på vårt eventyr i Alver kommune, der vi søker etter dedikerte og dyktige menneske som ønsker å vere ein del av vår felles suksesshistorie. Vi ser fram til å ønskje deg velkommen og gi deg ei meningsfull og givande karriere hos oss.

Tilleggsinformasjon

Kontaktpersonar:

- Bente Karin Bø Taule, avdelingsleiar legetenesta
Telefon: +47 47459725 | E-post: bente.bo.taule@alver.kommune.no
- Tord Moltumyr, Tenesteleiar
Telefon: +47 95118589 | E-post: tord.moltumyr@alver.kommune.no

Arbeidsstad:

Kvassnesvegen 48, 5914 Isdalstø 5914 Isdalstø (Alver Kommune)